

SOLUND SOGELAG

## MEDLEMSINFORMASJON

Nr 1/2010

9. årgang

Velkomen til  
FAMILIEDAG  
INDRØY HANDELSSTAD  
LAURDAG 21. AUGUST  
kl 14 - 17

Velkomen til den årlege familiedagen på Indrøy! I fjor vart sjøbua rydda til familiedagen og no i vår er alle vindauga i tranbua og i floren restaurert eller erstatta med nye. Og til hausten kjem rundt femti villsauer på plass på Indrøy!

Som vanleg vert programmet for familiedagen uhøgtidleg og avkoblende, med:

- Orientering om handelsstaden og kva me held med på nå i dette store prosjektet.
- Grilla kvalbiff frå Fedje
- Omvisning i bygningane

- Fiske frå land. Ta med fiskestang!

Mat: Grillmat, m.a. kvalkjøtt (kr 100,- for vaksne, 50,- for born)! Ta ellers med kaffi eller annan drikke sjølv!



Ta med:

- Klede etter ver og vind
- Redningsvest for borna som vil fiske.
- Noko å sitje på.

Reise: Treng du båtskyss antan frå Hardbakke eller Ytrøy, kan du kontakte Bjørn Magne Hansen på telefon 476 69 620. Båtskyssen kostar kr 100,- t/r frå Hardbakke, kr 50,- frå Ytrøy.



Påmelding: Det er ikkje naudsynt med påmelding anna enn til båtskyssen.

## ANDRE NYTT FRÅ SOGELAGET

### SKRIFTNEMNDA IKKJE NETT PÅ LATSIDA!

Sogelaget si skriftnemnd har eit aktivt år i år, med tre prosjekt gåande:

#### 1. "Solundkalenderen 2011"

Kalenderen er i produksjon og vert lagt ut for sal med det første. Som tidlegare inneheld kalenderen 25 bilete frå sogelaget sitt rikholdige fotoarkiv, "Solundarkivet".

## 2. “Solund kyrkje 150 år”



Sogelaget er utfordra av Solud sokneråd til å skrive jubileumsskrift for kyrkja, som siste helg i oktober feirar stort jubileum. Denne utfordringa har sogelaget teke og i desse dagar går manuskriptet til utforming og prenting. I tillegg til mykje historisk stoff, vil boka innehalde bilete av alle som er konfirmert i Solund kyrkje. Her har det vore ei stor utfordring å få tak i flest

mogleg bilete. Til no har me funne 53 bilete, det eldste frå 1918. Før 1950 har me bilete frå 1918, 1927, 1930, 1933, 1934, 1936, 1938, 1939, 1941, 1943, 1949, 1953, 1955, 1958, 1959, 1960, 1962, 1966 og 1969.

Etter 1970 har me langt fleire bilete, men manglar for nokre få år: **1971, 1972, 1974, 1981, 1986, 1993 og 1995.**

Sit nokon av lesarane på bilete frå dei årgangane som me manglar, vil me svært gjerne at du tek kontakt snarast! Det kan du gjere antan til Magne Hamre, på tlf 57 78 72 97 eller Bjørn Magne Hansen, tlf. 476 69 620.

## 3. “Solund sogeskrift år 2010”

Tiande utgåva av sogeskriftet er óg godt i siget og vil nok ikkje stå noko attende for tidlegare utgåver av skriftet! Så i månadsskiftet november/desember kjem det meir lesestoff!

*Avsendar:*  
*Solund sogelag*  
*Prestegarden*  
*6924 Hardbakke*

# A

### KOMANDE ARRANGEMENT

29. Oktober Kulturkveld i grendahuset, Hardbakke i høve Solund kyrkje sitt 150-årsjubileum. Her vert det bokslepp på jubileumsskriftet!
20. November Julemesse i Krambua, Hersvik



Månadsskiftet november/desember vert det så kulturkveld med bokslepp av årets sogeskrift. Tid og stad er ikkje klart enno.

\*\*\*\*\*

### STYRET FOR SOGELAGET

Har du spørsmål til sogelaget sitt arbeid, kan du kontakte ein av oss i styret:

- |                                   |                                       |
|-----------------------------------|---------------------------------------|
| – Bjørn Magne Hansen, leiar       | – Hallstein Steinsund, styremedlem    |
| – Oddlaug Marie Sanden, nestleiar | – Mary-Ann Hersvik Strøm, styremedlem |
| – Sissel Ytrøy, kasserar          |                                       |

Laget si adresse er: Prestegarden, 6924 Hardbakke  
Telefon leiar: 476 69 620  
Straumpost: [post@solund.sogelag.org](mailto:post@solund.sogelag.org)  
Heimeside: [www.solund.sogelag.org](http://www.solund.sogelag.org)  
Organisasjonsnr: 991 351 957